

Stabilt besøk av den harde kjerne

22.11.2011



Ved 12- tida er den harde kjerne på plass

**Denne hausten har det vore stabilt besøk av den
harde kjerne på Cafe TI-aren. Det er konklusjonen
til dei 3 dugnadsdamene som har vore på jobb denne
tysdagen.
Som før vart besøkstoppen nådd ved 12-13-tida medan
det dabba av mot slutten.**

35 vaksne og 9 born var innom medan dei tilsvarende
tala for ei veke sidan var 31 og 10. Det betyr at besøket
i det siste har lege så å seia på snittet til den seinare tida
og det meiner damene at ein må vera godt nøgd med.

- Men det kjem ikkje mange som vi ikkje har sett her før.
Det er det ein kan kalla den harde kjerne som dominerer, seier
Brit Arnesen som tilfreds peikar på ein tom disk og er svært
fornøgd med salet også denne dagen.

Tidlegare under den 4 timer lange opningstida har vi konstatert at
dette med den harde kjerne absolutt stemmer.
Mange av gjestene denne
dagen har vore trufaste sidan dette tiltaket opna for 5 år sidan.
Ein av dei er Gunnar Kjærland som seier det slik:
- Det er fint at den gamle skulen blir teken vare på.

Ein annan peikar på at tysdagskafeen har vorte ein viktig sosial møteplass i bygda Uskedalen og dermed har ein vesentleg misjon. Og besøket? Det tykkjer fleire av dei besøkjande er stort nok.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



9 ungar var på kafeen i dag